

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

23/5447

Dato: **29.11.2023**

Saksnr.: **2023/69675**

Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 110 bnr 39 - dispensasjon - riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad – fråsegn vedrørande kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på gnr 110 bnr 39 i Karmøy kommune.

Det omsøkte tiltaket ligg i LNF-område i den gjeldande kommuneplanen. Eigedommen er tolka som ein bebygd fritidseigendom i LNF. Området er uregulert. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå føremål LNF og byggeforbodet i 100- meters beltet. Ny fritidsbustad vil få eit mindre fotavtrykk enn eksisterande bygning, og plasseringa vil bli omtrent på same stad, noko lengre mot vest.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, når det gjeld forholdet til kulturminne.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigkeit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.